

Bore – Borud - Boro (gnr. 26)

Bore: Namn som med sitt alderdomlege særpreg truleg fortel at Boro er opphavsgarden i Vingrumsgrenda. Sentral som garden ligg i grenda talar det for det same. Grenda og garden ligg framleis sær innbydande til når ein på flytande farkost kjem nordover Mjøsa.

Blant dei eldste minne om manns ferd her på Boro er elles fornfunn av to skjoldbular frå vikingetida.

I skrivne kjelder er Boro nemt i Aslak Bolts jordebok frå kring år 1450, og garden låg da som jordegods til erkebispestet i Nidaros. I den tid er det elles fortalt at Bore var bortbygsla for 3 huder.

Ved reformasjonen i 1536 kom så bispegodset under Kongen og vart administrert under Akershus len. I lensrekneskapen finn ein så etter kvart garden Bore i Fåberg fleire gonger omhandla. Men det bør og nemnast at der finn ein og namnet forvanska til "Børie" i 1557-58 og til "Burre" i 1577-78.

Frå år 1610 har ein elles atter døme på at namnet er skrive Bore, og det er da fortalt at Amon Bore var bygslar og brukar av garden. Året etter er i 1611 Hans Bore nemnt blant tenestkarar som betalde skatt, og i 1614 går det tydeleg fram at Bore var ein heller stor gard som svara si landskyld med 3 huder.

Ti år seinare finn ein så i 1624 det første døme på at gardsnamnet er skrive Borud, og bygslar og brukar der var da Niels Borud, som og var brukar på garden i 1645. Det er da fortalt at han svara den utskrivne ekstraskatten Kopskatten 1645 for "2 Mandfolch" og "2 Quindfolch" med tilsaman ½ dlr. I pengar. Dette var i dei lange krigane på 1600-talet, og i 1657 kom ein annan ekstraskatt: Kvegskatten 1657, som var kalla så fordi krøtertalet vart lagt ved utrekninga av skatten. Brukar på Borud var da framleis Niels Borud, og det er da tydeleg oppgitt at husdyrhaldet der på garden hans i den tid var: 2 hestar, 3 hopper, 30 naut, 16 geiter, 47 sauer og 3 griser. Det var ikkje lite.

Men i 1665 hadde det atter vore brukarskifte på Borud, og den nye brukaren er da kalla Oluf Hardalssøn, og han var da 44 år. Det er elles oppgitt at han hadde 2 tenestkarar, nemleg: Bjørn Andersson, som var 24 år, og hadde vore soldat, og Engebret Jensen, som og var 24 år og hadde vore soldat.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Boerud" vidare fortalt at Oluf framleis var bygslar og brukar der, og at landskylda da var endra til 2 huder 2 pnd. 6 merker fisk, men eigar av garden var i den tid laugmann Jørgen Philipsøn. Buskapen av store husdyr var da 6 hestar og 27 naut, og korntienda vart utreidd med 4 tønner, som altså svara til ei årleg kornavling på 40 tønner. Det går og tydeleg fram at Borud alt da seter på "Ølkjøn Setter".

Av 1686 er ei sak som her er av interesse:

Bygslaren og brukaren Jon Olsen fekk da skjøte på grd. "Baarud" av skyld 3½ hud frå lagmann Jørgen Philipsen, men kjøpesummen ved handelen er ikkje oppgitt.

I ”Rulle over Gulbrandsdalens soldatlægder” for 1693 er gardnamnet og skrive Baarud, og garden låg da i 4. legd for Fåberg saman med Boleng, Mellum (Midthaugen) og Bratberg, og dei rulleførde soldater på Borud var da Ole Jonsen, bondens søn, 21 år, og Niels Pedersen, tj.dreng, 27 år. Sonen Ole Jonsen, som her er nemnt, var elles son av Jon Olsen, som var frå Storhove, og var født i 1640. Om sonen Ole Jonsen f. 1670 er elles å fortelje at han var gift med Kari Amundsdr. Onsum f. 1680, og at dei i sitt ekteskap hadde 3 born, nemleg: a. Jon f. 1704, b. Beret f. 1703, gift med Erich Christensen Onsum, c. Anne, gift med Nils Olsen Bjerke (Børkje).

Jon Olsen hadde i 1701 elles ei sak med sokneprest Ole Stochflet, som meinte at han sjølv hadde odelsrett til Borud, men det er opplyst at innstemnte Jon Borud ikkje møtte. Sak kom så atter fore på Tinget i Fåberg den 15. febr. 1715, og er da etter utskrift av tingboka referert slik:

”Fåberg 15. febr. 1715.

Hr. Oluf Stochfleth lot opplese et dokument hvori han på egne og barnas vegne lyser sin odelsret til alt det gods sl. assistentsråd Jørgen Phillipsen og hustru har solgt i Gudbrandsdalen, samt lyser sin pengemangel. I særdeleshet lyser han sin rett til grd. Borud i Fåberg.”

Etter dette kom så saka atter fore på tinget den 22. april 1720, og har da etter utskrift av tingboka denne ordlyden:

”Baarud i Faaberg.

Sognepresten i Gausdal hr. Ole Stochfleth har på egne og barns vegne innstevnt Ole Jonsen Baarud til å motta så mange penge som gården er solgt for i citantens umyndige år av hans farmors mann sl. Jørgen Phillipsen. Citanten akter å innløse gården sine barn til odel. Avsakt: Hr. Ole Stochflet som på egne og sine barns vegne søker odelsløsning til grd. Baarud av skyld 3½ hud, beviser med 2 jordebøker, 1664 og 1683, at gården har været sl. Assistentråd og hans frue Anne Bendtzdatters gods i 20 år og deres rette odel, som siden er solgt til da værende oppsieder Jon Olsen. Citanten har påaktet og lyst sin odelsrett 25. juni 1701 og 15. febr. 1715. Med tingsvidne av 1716 har citanten bevist å være Anne Bendtzdatters eldste søns søn. Han er således efter loven berettiget til gården Baaruds løsning. Ti kjennes for rett: Ole Jonsen Baarud bør innen første faredag av hr. Ole Stochflet annamme de 350 rd. som gården er vurdert for og fravike gården samt betale prosessens omk. 12 rd.”

I mellomtida var det dessutan ved i ting i Fåberg den 13. juni 1716 også opplese frå oberstløytnant Rechwein til Oluf Boerud, Oluf Larsen Ofren, Peder Bolrud, Oluf Bierche, Sifri Skiellerud og Peder Røine på følgende fiskerier i Laagen i Faaberg: Michelsvarpet, Krauglens sløestød, Brattet, Rynesøen Mellum og Fyrrevarpet. Dat. 7. mars 1716.”

Truleg førde dette skjøtet til ei sak som vidare etter utskrift av tingboka er sålydande:

”4. novbr. 1722

Åstedssak mellom Ole Baarud og medinteressenter på den ene side og Arne Knudsen Mit-Jørstad på den annen, ang. nogen fornærmelser han gjør dem i deres fiskeri. Kjennes for ret: Arne Mit-Jørstad bør igjen borttage den byggede stengard mellom Michelsvarpet og Rynesøen og herefter lade citanterne forbli uhindret i sit bruk både i fiskevarpen og på stranden. Men Arne Mit-Jørstads vold og eng blir av citanterne ubeskadiget. Arne Mit-Jørstad betaler citanterne 5 rd. i omkostninger.”

Saka viser tydeleg kor store interesser det i den tid var knytt til fisket i Lågen.

Fleire og nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Baarud" vidare fortalt at garden framleis var "Olle Jonsen tilhørig med bøxel", og at landskylda var 2 huder 2 bismerpund 6 merker fisk. Buskapen var da 5 hestar, 1 føl, 24 naut, 26 sauer og 8 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 10 tønner bygg og 2 skepper, ¼ tønne rug. Vidare er det og oppgitt at garden ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten der er god, "dog noget tørlent". Setra hadde god hamn og slåttar til 3 lass høy, men det var heller lite med skog til garden.

Jon Olsen Borud var og framleis eigar og brukar av garden i 1734. Han fekk da bygselseddel frå fogden Stenersen på "Haarmyren og Borohollene i almindingen for 2 lass årlig". "Haarmyren" er elles truleg lese eller skrivefeil for "Stormyren".

Den 11. april 1739 var Ole Jonsen og kona hans, Kari Amundsdr, vorte samde om å skifte med borna sine medan dei baa, foreldra, var i live. Ved dette skiftet er det vidare oppgitt at dei da åtte mye jordegods, nemleg. 4 huder m.h. i "Tørhoven" og dertil 2 huder til i same garden, dessutan og 6 skinn m.h. i Røine og 1½ hud i Sørhoven. Vidare er det ved skiftet oppgitt at med dette jordegodset medrekna utgjorde så skiftebuet brutto 2157 rd. Av borna i ekteskapet var da sonen Jon 35 år. Dottera Beret, som hadde vore gift med Erich Christensen Onsum, var død, men dei hadde 4 born som alle var i live, nemleg: a. Amund, 8 år, b. Gunnild, 11 år, c. Kari, 8 år, d. Anne, 5 år. Elles var morsystema Anne Olsdr. Borud da gift med Niels Olsen Bjerke.

Jon Olsen f. 1704 som elles alt i 1734 hadde tatt over som brukar på Borud, gifta seg med Aase Olsdr., og dei fekk i sitt samliv fleire born. Det var:

- a. Ole, døypt 1736,
- b. Kari f. 1737, gift 1759 med Peder Aspaasen,
- c. Beret f. 1740, gift 1758 med Iver Olsen Fryjordet,
- d. Amund f. 1743,
- e. Sessel f. 1745,
- f. Anne f. 1748,
- g. Guri f. 1750, gift med Ole Hattestad,
- h. Lars f. 1750,
- i. Kjersti, gift med Ole Reistad, Gausdal.

I husbonden Jon Olsen si brukartid var det elles i 1751 eit arveskifte på "Borudødegaard" ved Audenhus i Faaberg. Den døde der var da Gunnhild Hansdr., som hadde vore gift med Otter Borudødegarden. Ein merker seg at arvebudet her utgjorde berre brutto 51 rd. og netto 47 rd., men her er altså inkje jordegods medregistrert i arvebuet. Av borna til Otter og Gunnild er da nemt 4, som visstnok alle var tilstades. Dei var:

1. Erland, som da var 32 år, 2. Beret, 28 år, 3. Hans, 28 år, 4. Iver, som var 23 år gamal.

Borudødegarden var elles eit godt døme på dei ofte store slåtteland på udyrka mark som storgardane skaffa seg utanom garden for å få nok vinterfor til bufeet.

Fire år seinare hadde det i 1755 vore stor skadevarme på Boro, og om dette fortel eit tingsvitnemål som etter utskrift av tingboka er sålydande:

”Borud i Faaberg.

16. febr. 1756.

Dragonutrederen Jon Olsen Borud beklaget sig over den pludselige ildebrand den 29. novb. 1755, på hans odelsgård Borud, som skylder 2 huder 2 bpd 6 mrk fisk og utreder fulldragon. Hans fæhus brente opp med inventar og besetning på 20 melkekjør, 1 okse og 19 ungfæ. Han fremstillet vidnerne Halvor Halvorsen Hauger og Iver Christensen Frujordet, som bekreftet ovenstående. Jon Borud forlangte derefter tingsvidne.”

Husbonden Jon Borud f. 1704 brukte så garden til 1768, da han og husfrua Aase skifta med dei 2 borna sine som da var i live. Ved dette skiftet på ”Borud i Faaberg” går det elles fram at jordegodset i buet var taksert for 600 rd., og buet utgjorde brutto 2428 rd. og netto 2357., så det var altså stor velstand i ætta i den tid. Blant borna merker ein seg elles at dottera Kjersti var gift med Peder Olsen Mo. Samtidig med skiftet gav så sonen Ole Jonsen, døypt 1736, skjøte til foreldra sin.

Den nye brukaren som da tok over som eigar av Borud, gifta seg i 1767 med Sønnøv Christophersdtr. Bolleng, og dei hadde i sitt ekteskap 3 born, nemleg: a. Jon f. 1769, b. Marit f. 1771, gift 1787 med Simen Arnesen Jørstad, Lundgaard, c. Christopher f. 1790, gift 1821 med Berte Engebretsdotter v/Røine.

Frå Ole Jonsen Borud si brukartid er ei kontrakt mellom han og svogeren hans, Ole Hattestad, om hogst på Kiølen imellom Hattestad og bekken som rinder ut fra Stygmyren ovenfor Næpe-Sveen kaldet.”

Ole Jonsen f. 1736 brukte så Borud vidare til i 1787, da han skjøta garden over til svigersonen Simen Arnesen Jørstad og dottera si, Marit Borud f. 1771. Med i handelen følgde og ”Hans eiende fiskegrunn i Laugen elv samt alt hans eiende løssøreeffekter undtagen hva som er nevnt i hans ihendehavende føderådskontrakt” alt for sum 1000 rd.

Simen Arnesen f. 1762 og Marit Olsdtr. Borud f. 1771 var ved overtakinga av garden baa unge, og dei fekk isaman visstnok 12 born, nemleg:

- a. Johanne f. 1788, gift 1807 med Erik Pedersen Lier.
- b. Berte f. 1788, gift 1808 med Johan Landgraf.
- c. Ingeborg f. 1790, gift 1813 med Ole Arnesen Lien.
- d. Marte f. 1792, gift 1815 med Frants Landgraf.
- e. Anne f. 1794.
- f. Arne f. 1797, gift 1818 med Berte O. Ovren (Ottarstuen)
- g. Sønnøv f. 1799, gift 1818 med Amund O. Ovre f. 1794
- h. Ole f. 1801
- i. Karen f. 1803, gift 1828 med Christen Jørgensen Sorgendal
- j. Jon f. 1806, død same år.
- k. Simen, tvilling f. 1810.
- l. Mathias, tvilling f. 1810.

År 1801 kom påbod om folketelling, og det bodde da 5 familiar på Borud. Dei var:

1. familie:
 1. Simen Arnesen, husbonden, 37 år,
 2. Marit Olsdtr., kona hans, 30 år
 3. Arne, son deira, 4 år
 4. Johanne, dotter deira, 13 år

5. Berthe, dotter deira, 12 år
 6. Ingebor, dotter deira, 10 år
 7. Martha, dotter deira, 8 år
 8. Anne, dotter deira, 6 år
 9. Sønnøv, dotter deira, 2 år
 10. Simen Simensen, tenestkar, 20 år
 11. Peder Larsen, tenestkar, 18 år
 12. Kari Svendsdr., tenestkvinne, 37 år
 13. Rangdi Olsdr., tenestkvinne, 31 år
 14. Kjersti Svendsdr., tenestkvinne, 34 år
 15. Marthe Rasmusdr., tenestkvinne, 16 år
 16. Eli Syversdr., legdslem, 76 år
2. familie:
1. føderådsmann Ole Jonsen, 65 år
 2. Sønnøv Christophersdr., kona hans 60 år
 3. Christopher Olsen, son deira, 11 år
3. familie:
1. Amund Baardsen, husmann med jord, 48 år
 2. Berit Nielsdr., kona hans, 49 år
 3. Niels, son deira, 5 år
 4. Anne, dotter deira, 9 år
4. familie:
1. Johannes Gundersen, husmann med jord, 37 år
 2. Marit Larsdr., kona hans, 42 år
 3. Gunder, son deira, 12 år
 4. Ingebor, dotter deira, 9 år
 5. Gunnild, dotter, 7 år
5. familie:
1. Peder Nielsen, husmann med jord, 39 år
 2. Eli Engebretsdr., kona hans, 37 år
 3. Niels, son deira, 11 år
 4. Torger, son deira, 4 år
 5. Marit, dotter deira. 9 år
 6. Kari, dotter deira, 2 år
 7. Martha, dotter deira, 1 år

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Borud" oppgitt at buskapen av store husdyr da var 6 hestar og 28 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 112 tønner. Av same året, altså 1819 er og ei tinglyst sak i samband med at Simen Arnesen Borud hadde lånt 25 spd. i det Kongelige Laanefond mot pant i grd. Borud.

Fire år seinare skjøta i 1823 så husbonden Simen Arnesen f. 1762 over til sonen Arne Simensen f. 1797, som samtidig gav føderådsbrev til foreldra.

Sonen Arne Simensen f. 1797 hadde elles ikkje farsgarden lenger enn til 1830, da han selde Boro, framleis av skyld 3½ hud til Simen Christophersen Balberg. Frå denne tid vart elles 1/6 part av fiskeriet Brøttet eller "Krøgelien" tillagt grd. Borud. To år seinare gav i 1832 Simen Christophersen føderådsbrev til Arne Simensen og hustru Marit Olsdr. Borud.

I år 1837 var det atter dødsbuskifte på "Borudødegaard i Faaberg". Den døde der var da enka Lisbet Bentsdr., som hade vore gift to gonger, først med Iver Pedersen og så med Iver Amundsen. Arvebuet ved dette skiftet utgjorde brutto 100 spd. og netto 50 spd., men her er sikkert ikkje jordegods medregistrert i buet. Arvingane ved skiftet var dei 5 dalevande borna

til avdøde Lisbet Bentsdtr. Om disse borna er det elles opplyst at baa sønene, nemleg Jon og Peder, da var myndige d.v.s. over 23 år. Vidare var dottera Eli gift med Thore Syvertsen i Nes på Romerike, dottera Berte var gift med Hågen Jørstadvolden, og dottera Sidsel var gift med Johannes Mølstad i Vardal.

Ved matrikuleringa av gardane i 1828 var den gamle landskylda i huder og skinn og fisk og smør skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Løpenummer 50 A "Boru (Boro)" fekk da som si nye matrikkelskyld: 16 skylddalar 2 ort 15 skilling, og det var da framleis Simen Christophersen som var oppsittar på Boro.

Simen Christophersen Balberg brukte så Boro til i 1851, da han skjøta garden over til sonen Christopher Simensen for kjøpesum 1700 spd. og eit føderåd taksert til 400 spd. tilsaman 2100 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Borud" oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 435 mål, og av dette var 181 mål av 1. klasse. Samtidig er det vidare oppgitt at buskapen på sjølve Borud gard var: 6 hestar, 33 storfe og 27 småfe, men dertil var husdyrhaldet på husmannsplassane til garden tilsaman 14 storfe og 38 småfe. Ført på same måten var den årlege utsæd på sjølve Borud gard: kring 17 tønner korn og 24 tønner settepoteter, men dertil var den årlege utsæd på husmannsplassane tilsam. kring 8 tønner korn og 11 tønner settepoteter.

I denne tid var det elles fleire utskiftingar av sameige – skog og – beite der Boro hadde gamle hevdvundne rettar. I 1854 var det såleis utskifting av Fåberg Vestfjell, og i 1871 var det avsluttande skifte av Skjelbreid- og Aalkjernsmarkens Sameigeskoge. Derimot kom utskiftinga av sameiga på kjølen først i 1887.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Tidlegare løpenr. 50 a Borud fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 26 av samla skyld 23,96 mark, og det var da Christopher Simensen Borud, som framleis var eigar og brukar av garden. Ein merker seg elles at i den nye matrikkelen av 1886 er gardnamnet skrive Boro.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at det var vorte 3 bruksnummer under gardsnummer 26 Boro, nemleg:

- a. Grn. 26 brn. 1 Boro av skyld 23,80 mark, som Simen Christophersen var eigar og brukar av.
- b. Grn. 26 brn. 2 Storsveen søndre, skyld 0,08 mark, som Simen Christophersen og var eigar og brukar av.
- c. Grn. 26 brn. 3 Storsveen nordre, skyld 0,08 mark, som K. Kristoffersen var eigar og brukar av.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 seks personar med røysterett på og/eller ved Boro. Dei 6 var:

1. gardbr. Simen Christophersen Borud, 45 år
2. husmor Anna Simensdtr., kona hans, 40 år
3. husmann Andreas Olsen Borudlien, 53 år
4. Mari Pedersdtr., kona hans, 50 år
5. husmann Johannes Olsen Ødegaarden, Borudødegaarden, 46 år

6. Agnete Simensdr., kona hans, 51 år

Men året etter var det i 1908 fleire nye skyldsetningsforretningar. Og dei gjaldt:

- a. skyldsetting av grn. 26 brn. 4 Vingrum Gravlund av skyld 0,59 mark, som var i samband med innviinga av det nye Vingrum kapell på Boros grunn.
- b. Grn. 26 brn. 5 Bakkom, skyld 0,20 mark, som var selt til Johan Kristensen.
- c. Grn. 26 brn. 6 Borudvollen av skyld 0,02 mark, som Mathias Jacobsen hadde kjøpt.
- d. Grn. 26 brn. 7 Øverlia av skyld 0,36 mark, som Johan Bakkom hadde kjøpt.
- e. Grn. 26 brn. 8 Borudlia, skyld 0,63 mark, som Marcus Danielsen hadde tilhandla seg.

Vidare gav så i 1908 sakfører Kristofer Fliflet på vegne av Chr Borud skjøte til Simen Borud, som alt da brukte garden. Den handelen det her gjeld var visstnok alt avgjord i 1902, men skjøtet vart tinglese i 1908.

Simen og Anne Borud f. Fliflet, som da tok over som husbondsfolk på garden, fekk i sitt ekteskap 6 born. Dei var:

1. Sigurd f. 1890, men som døde i spanskesjuka i 1920
2. Ellen f. 1892, g.m.
3. Helene f. 1893, g.m. Andreas Jørstad
4. Elise f. 1899, g.m.
5. Kristoffer f. 1902, g.m. Inga Hammershaug, Gausdal
6. Sverre f. 1905

Kristoffer Borud overtok garden i 1929.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det under grn. 26 Boro to bruksnummer med eit jordbruksareal kvar for seg av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 2 gardsbruk var:

- a. grn. 26 brn. 1, 2, 3, 8 med eit jordbruksareal på ca. 300 dekar, som Kristoffer Borud framleis var eigar og brukar av.
- b. grn. 26 brn. 5, 7 Bakkom, jordbruksareal ca. 20 dekar, som Johan Bakkom framleis var eigar og brukar av.